

DOKKEVEIEN

- FORPROSJEKT GATEOPPRUSTING

"Old street with new impact"

Opprusting av Dokkeveien fra Jekteviksbakken til Sydneshleiven
Dekke og urbane element
Koordinert med gjennomføring av prosjekt BossNett

Datert: 26. oktober 2016

Bakgrunn, mål og verkemiddel

I 2014/2015 blei den globale *Your Street*-konkurransen arrangert i Bergen i regi av Norsk design og arkitektursenter (DOGA) og Design Region Bergen/Raff designruke; Gjør noe med gaten du bor i slik at den kan bli "smartere, sunnere, mer bærekraftig eller tryggere". Forslaget for Dokkeveien "Old street with new impact" vann førsteprisen på 200.000 kroner. Sumaren 2016 gav *Sparebanken Vest* ytterlegare 200.000 kroner til prosjektet, medan *Bergenhus* og *Årstad kulturkontor* gav 100.000 kroner til realisering av Springgjerdet, som er ein del av prosjektet, hausten 2016.

Initiativtakar og bebuar i Dokkeveien, Marianne Rønning, har sidan våren 2015 jobba for å realisera prosjektet saman med arkitektane Gro Haveland og Nils Johan Mannsåker og *Sydnes og Nøstet velforening*. Det er velforeninga som er mottakar av pengane og oppdragsgjever for prosjektet. Etter krev stilt frå Bergen kommune om eit forprosjekt utarbeida av ein profesjonell aktør, har Gro Haveland og Nils Johan Mannsåker, ved Fortunen AS, utarbeida forprosjektet.

I forhold til vinnarforslaget som blei presentert i *Vel og Bra* julenummer 2015 er det blitt gjort endringar etter krav frå ulike kommunale etatar. Blant anna er parkeringsplassane innanfor planområdet blitt fjerna etter krav frå Trafikketaten.

Mål for prosjektet er å opparbeide gaterommet til eit godt opphaldsrom, ein samlingsstad for nærområdet. Bossug er under gjennomføring i området, og planen er at ei opparbeiding av Dokkeveien som byrom, skal følgja arbeidet med BIR Nett si utbygging av bossuget. Opprustinga medfører sanering av parkering, og opparbeiding av store, gode fotgjengarareal tilknytt nye landskapselement.

Den bærande ideen er å ruste opp gata og plassere tre historiske element tilbake på tomte; Klokkersteinen, vannspringet Vaskerelven si kjelde, og Springjerdet som i dette tilfellet vil vera eit 22 meter langt gjerde forma som ein benk.

Både Klokkersteinen og Springgjerdet var sentrale den gangen heile byen feira St. Hans på Sydneshaugen. Klokkersteinen var ein om lag 3 meter høg stein forma som ein benk på toppen, og den som klatra til topps blei "kongen på haugen". Springgjerdet var eigentleg eit gjerde mot Fastings Minde eigendom, men mot gata var det forma som ein benk. Vannspringet Vaskerelven si kjelde er ei gamal vasskjelde framføre det som kallas Rosehuset, Dokkeveien nummer 3. Det blir sagt at ei åre heilt frå Gullfjellet går under byen og ender opp her, og denne utgjorde kjelda til Vaskerelven. Det er ein liten vatnpynt der i dag, med ein skjult dyse som gjorde dammen til ein fontene på 1970- og 80-tallet.

Historikk

Planområdet er i praksis ein eldre gangtrase frå sentrum og over mot Møhlenprissida, Dokken. Dokkeveien ligg i eit skilje, mellom tidlegare lysteigedomen Fastings Minde i sør, og bygningsmasse frå 1840 og utover, på nordsida.

Området var i hovudsak ubyggt fram til 1880-åra. Frå midten av 1880-åra, blei det bygd ut kvartaler sør for Dokkeveien, på eigedomen til Fastings Minde. Gata Dokkeveien ser ut til å vera uendra sidan.


Kart frå 1885 viser gateløpet med nordre fasaderekke slik den er i dag. Bakgrunnen for gateforma er også lesbar som avgrensing av eigedomen til Fastings Minde.

Eksisterende planar


Gjeldande planar

Kommuneplanens arealdel (KPA)

I kommuneplanens arealdel, er området rundt Dokkeveien vist som generelt byområde. Dette er ikkje i konflikt med den bruken prosjektet legg opp til.



Utsnitt av Kommuneplanens arealdel KPA



Utsnitt av Kommuneplanens arealdel KPA

Utsnitt av Kommunedelplan sentrum (KDP sentrum) viser arealbruk, byform busetnader og byform byrom.

Kommunedelplan sentrum gir retningslinjer i meir detaljert skala for arealbruk, utforming av byrom og karakter av busetnader.

Prosjektet Dokkeveien må seiast å vera godt innafør dei rammene Kommunedelplan sentrum gir.



Utsnitt av Kommuneplan sentrum (KPA sentrum)

Bileter frå området - før og no



Dokkeveien 1951 - Fasadar på nordsida

Blick frå Dragehaugen i 1951

Bilete frå 1951 - Leikeområde ved Dokkeveien



Dagens gatemiljø ved Kolonialen

Gatemiljø i dag - Dokkeveien med fasaderekke

Dokkeveien i endring

Eksisterende situasjon

Sydneshaugen er eit område som er aktivt i bruk av studentar og bebuarane i nærmiljøet, samt befolkninga elles i byen. Dokkeveien fungerer som ei trasésone frå Jekteviksbakken i tillegg til Dokkebakken og Bredalsmarken. Det er anslått at i overkant av 2000 personar passerar Dokkeveien dagleg.

I dagens situasjon er mesteparten av området i bruk av bilar som står parkert, i tillegg til passerande trafikk. Trafikkbiletet kan skapa farlege og uoversiklege hendingar, men i all hovudsak fungerer området som "shared space" på fotgengarane sine premissar (Sjå fotgengarmønster på figur til høgre).

Området består i all hovudsak av bustadar og undervisningsbygg, samt nærbutikken Kolonialen. Dokkeveien har ein sentral plassering i byen og ligg berre nokre steinkast frå Johanneskirken og trappene vidare ned mot Torgallmenningen.



Registreringar - Dagens situasjon

Ny situasjon

Teikningsskissene me vann med er justert etter møter og synfaring med Trafikketaten, Byantikvaren, Bossnett og Graveklubben med fleire. Teikningane vil bli ytterlegare justert når Graveklubben starter sitt arbeid med å fornye røyrnett og å leggje bossnettet våren 2017, då det vil gi eit klårare innblikk i korleis det ser ut under asfalten.

Anbefalt løysing vil skape ein ny situasjon og endre bruksmåten av området utifrå korleis det blir brukt i dag, frå gjennomgangssone til opphaldsrområde.

Menneskestraumen i området kjem til å vera den same frå studentar og bebuarane i nærområdet, men det er tenkjeleg at fleire kjem til å stoppe og bruke staden grunna den nye utforminga. Den samla summen av ny belysning, nytt gatedekke og mindre areal tiltenkt trafikk kjem til å gjera området ekstra attraktivt for bruk for fotgengarar.

Trafikk og ferdsel

Det er etter pålegg frå trafikketaten ikkje sett av parkeringsareal i prosjektområdet. Det er lagt opp til ei køyrebreidde for einvegskjørt veg i heile gateløpet, med møteplassar og god sikt i kryssa med møtande gater. Det same opplegget er gjennomført i Sydnesgaten med eit godt resultat. Denne utforminga av vegen gir maksimalt areal for fotgengarar og opphald, samt eit ekstra fokus på låg hastighet og forsiktighet for bilistar.

Det er liten trafikkbelastning i gata, og god tilgjengelegheit for varelevering. Kolonialbutikken "Kolonialen" ligg på hjørnet Sydneshaugen og Dokkeveien, og har dagleg varelevering. Elles er tilkomsten enkel til alle eigedomar i gata for flyttebil, naudtrafikk og så bortetter.

Fotgengarovergangar er planlagt utført med universell utforming. Materialbruk skal veljast med god funksjonalitet for rullestolbrukarar og rørslehemma. Det må leggjast inn "knottefelt" og leieliner for synshemma. Området blir elles også utarbeida med tanke på synshemma, spesielt i forhold til installasjonane som kjem til å bli plassert i gaterommet.

Planlagt fortau/oppfallsareal er gitt maksimal breidde i forhold til gatetverrsnittet. Minimum breidde på ferdselssone på fortau vil vera på om lag 4 meter på det smalaste ved Dokkeveien 1. For å sikre god framkomelegheit for alle, med særskild vekt på universell utforming, vil uteareal bli oppdelt i ulike soner; veggsoner, ferdselssone og møbleringsone. Det opne ferdselsarealet vil vera 2 meter på det minste i breidda og fri for hinder.

Dekke i køyreareal er planlagt utført i asfalt, samt som det er planlagt ein 5 cm brei kantstein langs alle fortau. Fortau ved overgangsfelt kjem til å ha ein nedknekk ned til 2 cm. Møblering skjer i hovudsak i det midtre partiet av gata, mellom kryssa med Sydneshaugen og Ivar Aasensgate.

Gatelys er i dag hengt opp mellom gatefasadane. Alt gatelys skal rehabiliterast som master. Desse skal gi funksjonelt lys til køyre- og gangtrafikk, samt stemningslys for opphaldsareala.

Nye landskapselement

Møblering vil vera fleire ulike installasjonar - gjenoppføring av tre historiske element:

- Springgjerdet
- Klokkarsteinen
- Dammen "Vaskerelven si kjelde"


Det vil bli tilrettelagt for servering utandørs ved Springgjerdet like utanfor Kolonialen. Medan Klokkarsteinen i samband med vasskjelda vil kunne fungere som ein samlingsstad med fleire bruksområder som for eksempel scene og møtestad.

Springgjerdet var sannsynlegvis ein rest av gjerdet som avgrensa eigedommen til Fastings Minde mot Dokkeveien. Gjerdet har vore borte i lang tid. Som ein del av "Your Street"-prosjektet vil me føre tilbake dette som ei historisk påminning av det som har vore.

Springgjerdet er planlagt i fortausarealet ved "Kolonialen", og vil kunne fungera som skilje mellom gang- og serveringsareal, i tillegg til benk.

Klokkarsteinen var originalt ein "flyttstein" frå siste istid, som skal ha hatt dimensjonen 3.2x1.9x1.9m. Det nye elementet "Klokkarsteinen" vil bli ein meir abstrahert installasjon med same dimensjon, som vil fungere som brukselement i gaterommet. Denne vil fungera i samspel med "Oppkomet", ein vassinstallasjon til glede for store og små. Både Klokkarsteinen og Springgjerdet blei fjerna omkring 1900 og blir no gjenoppført som historiske element.

Den samla opprustinga og endringa i Dokkeveien kjem til å gi Sydneshaugen med sine studentar og bebuarar ein ny samlings- og opphaldsstad, samt eit meir aktivt gatemiljø!



Tenkt ny situasjon




TEGNFORKLARING

[Grey rectangle]	Bygg
[Light green rectangle]	Gren
[Dark grey rectangle]	Bygg
[Blue rectangle]	Vann
[Light grey rectangle]	Asfalt
[Medium grey rectangle]	Fall
[Patterned rectangle]	Eks stein
[Brown rectangle]	Benk
[Arrow]	Fall
[Blue arrow]	Vannrenning
[Yellow circle with cross]	Lysstolpe
[Dashed line]	Wheeltrack
[Solid line]	Bil bevegelse
[Triangle]	Bygg utgning
[Red square]	Ekisterende slukk
[Grey circle]	Ekisterende kum

Rev.	Revisjonen gjelder	Date	Tegnet	Kontr.	Godkjent
	Dokkeveien	Målestokk	Dato	14 juni 2017	
	Illustrasjonsplan	1:200	Tegnet	HF	
		Arkiv bet.	Kontr.		
		Erstatn. for	Godkjent		
 ARKITEKTUR LANDSKAP DESIGN FORTUNEN AS Torshovveien 7 0314 Bergen Org.no: 969 028 048 Tlf: +47 55 56 56 00 Fax: +47 55 56 56 01 E-post: arkitekt@fortunen.no www.fortunen.no		170613_Dokkeveien_HF.dwg			
		Tegning nr.			Rev.
		A-22			

Snitt i lengderetning av Dokkeveien



NB! mål må kontrolleres på stedet.



**Snitt
Dokkeveien
Sydnes og Nøstet Velforening**

Korrigert dato:

Tegner:
amp

Kontroll
njm

Målestokk:
1:100

Gnr./Bnr.:
164/200

Tegningsnr.:
A30-1

Tegnet dato:
10.08.2016

Prosjektnr.:
15-33

Mål:



Skisse til utforming


Murverk av hardangerskifer, som reminescens av gjerdet rundt tidlegare Fastings Minde.

Sitjeflate / topp av varig treverk, - eik.

Springgjerdet fortset til det eksisterande treet.

Dette vert «omkransa» av Springgjrdet, og gir mulighet for ein liten opphaldsplass under treet. I dekket får treet, - og dei andre trea i gata, rist i cor-tenstål, som sikrar tilstrekkeleg vatntilførsel.

Springgjerdet og uteservering



Klokkarsteinen som scene



Klokkarsteinen og vatnkjelda sett mot Jekteviksbakken



Klokkarsteinen og vatnkjelda sett mot Dragesmauet

